

Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Dato: 27.09.2018
Vår ref.: 2015/1434-686
Saksbehandlar: thoaare
Dykkar ref.:

Overføring av statlege fiskerihamner til Vestland fylkeskommune

I Kystverket sitt brev til fylkeskommunane den 28.08.2018 om overføring av dei statlege fiskerihamnene til regionane, ber Kystverket om innspel frå fylka på fem spørsmål og eventuelt andre kommentarar fylka måtte ha, innan 28.9.2018.

Brevet er stila til dei eksisterande fylkeskommunane, og gjeld mellom anna inngåinga av ei avtale om overtaking av dei statlege fiskerihamnene som Kystverket ber om attendemelding på. Fellesnemnda for Nye Vestland fylkeskommune har fått mynde til å inngå avtalar for det nye fylket, dersom slike avtalar må inngåast før fylkestinget er konstituert. Sidan avtala, og oppgåveoverføringa samla sett, gjeld verksemda til den nye fylkeskommunen, vil dei to eksisterande fylkeskommunane, i samråd med prosjektleiaren for Nye Vestland fylkeskommune, kome med eit felles innspel til Kystverket sitt brev.

Fylkesrådmennene i dei to eksisterande fylkeskommunane og prosjektleiar for Nye Vestland fylkeskommune følgjer opp prosessen med overtaking av hamnene.

Det vert gitt svar i det følgjande på dei enkelte spørsmåla punktvis.

1. Om fylket ønskjer eit nytt møte med Kystverkets hovudkontor hausten 2018?

Vi ser føre oss eit nytt møte med Kystverket hausten 2018. Kystverket arbeidar no med å førebu overføringa av oppgåver, og fylkeskommunen/ane vil gjerne bli oppdatert om dette arbeidet. Det vil vere naturleg at også dette møtet vert felles mellom Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og prosjektleiaren for Nye Vestland Fylkeskommune.

Det er mellom anna ønskjeleg å drøfte oppgåveoverføringa meir i detalj, og i større grad avklare dei framtidige økonomiske rammene fylkeskommunane har å halde seg til. Vidare er der eit behov for å kome meir konkret inn på det faktiske kompetansebehovet, både på sikt og i ein oppstartsfase. Vi ønskjer også å diskutere kva fylkeskommunane kan vente seg av informasjon om tilstanden på dei statlege fiskerihamnene. Dette er nærare kommentert i punktet nedanfor om attendemelding på avtaleutkastet. Det er behov for ein praktisk retta gjennomgang med konkrete døme frå Kystverket sitt eksisterande arbeid og sine erfaringar.

2. Kan (den nye) regionen inngå avtale om fiskerihamnene innan mai/juni 2019. Dersom ikkje, når kan avtale inngåast?

I sitt brev legg Kystverket opp til at fylkeskommunen får den endelege dokumentasjon om hamnene innan 1. mars 2019 og ønskjer signering av avtala om overtaking i mai/juni 2019. Dette gjev oss kort frist til å gå gjennom den omfattande dokumentasjonen som blir lagt fram. På dette tidspunktet er Kommuneproposisjon 2020 nyleg offentleggjort, og det vil vere viktig for oss å vurdere om overføringane i denne er i samsvar med estimert vedlikehaldsetterslep. Vi treng derfor meir tid frå den komplette dokumentasjonen ligg føre og fram til tidspunkt for signering av avtale.

Tidspunktet for avtaleinngåing er vidare avhengig av kor utførleg og påliteleg informasjonen om hamneanlegga er frå Kystverket. Eit eigarskap fører med seg både rettar og plikter, og slik avtaleutkastet føreligg, legg det opp til at fylkeskommunane skal ta på seg plikter av eit ukjent omfang, på bakgrunn av eit informasjonsgrunnlag staten fråskriv seg ansvar for feil og manglar ved. I avtaleutkastet kjem dette til uttrykk ved at det er lagt opp til at Kystverket skal vidareformidle eksisterande informasjon om dei forskjellige hamnene og tilstandsvurderingar, *i den grad slike finst*, og utan noko ansvar for eventuell feilinformasjon.

Det ligg, så langt, ikkje i planane til Kystverket å dokumentere vedlikehaldsetterslepet på dei fysiske installasjonane (moloar og kaier). Det er signal som tyder på at vedlikehaldsetterslepet i dei største hamnene, særleg på moloar, kan vere betydeleg. Før avtale vert inngått kan det derfor vere behov for stadlege synfaringar så langt det praktisk let seg gjere og overtakingsforretning i fellesskap. Det bør utarbeidast tilstandsrapportar for alle hamnene som skal overførast, i alle høve for dei av hamnene som kan medføre plikter av eit visst omfang. Dette tilseier at avtaleinngåing ikkje kan skje før tidlegast hausten 2019.

Vårt behov for fleire og eventuelt eigne utgreiingar før avtaleinngåinga vert sjølvstendig mindre dersom staten tek på seg noko av ansvaret for at informasjonen vi skal bygge den vidare verksemda på er tilstrekkeleg og påliteleg. Det vil vere unødvendig for fylkeskommunane å gjere eigne og nye kostbare undersøkingar dersom staten kan stå inne for den informasjonen som føreligg.

Før avtaleinngåinga bør fylkeskommunen/ane også få ei representativ og meir detaljert oversikt over kor stor del av Kystverket sine midlar som har vore brukt på administrasjon og vedlikehald av hamnene innanfor Nye Vestland fylkeskommune sitt geografiske ansvarsområde.

Ei utsetjing av tidspunktet for avtaleinngåing gjev fylkeskommunane meir tid til å gjennomføre ei forsvarleg utgreiing av framtidige behov før vi inngår den bindande avtalen.

3. Har fylket andre innspel til den tentative tidsplanen ovanfor?

Sjå svaret på punktet over. Fylkeskommunen/ane har behov for meir tid til kartlegging og informasjonshenting før vi kan uttale oss om den tentative tidsplanen.

4. Når ønskjer fylka kompetansehevingstiltak, og har fylka spesielle ønskje?

Dersom det ikkje følgjer med personalressursar frå Kystverket, vil kompetanseoverføringstiltak vere særskilt viktig. Kva opplæringa bør leggje vekt på, vil vere vanskeleg å presisere før vi har oversyn over porteføljen. Oppgåver knytt til overføring og drift av statlege fiskerihamner rører ved ulike fagdisiplinar. Å utvikle gode teknologiske løysingar for den store porteføljen krev GIS-kompetanse, forvaltning av fysiske installasjonar og særskilt teknologisk kompetanse. Formalia, avtalar og statuttar krev juridisk kompetanse. Vurdering av næringsnytte og prioritering av investeringar, utbygging og vedlikehald krev marin næringskompetanse, og det å sjå fiskerihamnene i eit samspel med andre logistikk-knutepunkt.

Kystverket vil tilby opplæring, men per i dag har fylkeskommunen knappast kapasitet til å ta i mot opplæring. Det er difor viktig at ressursar kjem på plass snarleg, slik at prosessen kan følgjast opp på ein god måte. Vi er kritiske til at det ikkje vert overført ressursar i form av personell i samband med overføring av forvaltingsansvaret for fiskerihamner frå Kystverket til fylkeskommunane. Tilgang til kompetent personell vil vere viktig for å gjere overgangen så enkel som mogleg og sikre kontinuitet i prosjektplanlegginga. Fylkeskommunen/ane kan ikkje, med vår noverande bemanning, dekke behovet for spesialkompetanse innan desse fagområda.

Kystverket har, over ei rekke år, greidd å redusere tal årsverk gjennom effektivisering. Dette må også fylkeskommunane få tid til å kunne gjere, men det vil krevje høgare bemanning ved overtakinga. Det er å håpe at nye oppgåver - som vert tilført dei nye regionane i samband med regionreforma - kan gjere det enklare å utnytte spesialkompetansen innan komplementære fagfelt, men dette har vi ikkje oversyn over i dag.

5. Har fylket kommentarar til utkastet til avtale?

Kystverket ber i brevet av 28.8.2018 om fylkeskommunen sine kommentarar til avtaleutkastet innan 28. september. Dette er ein kort frist, og fylkeskommunen/ane tek atterhald om ein rett til å kommentere avtalen heilt fram til tidspunktet for avtaleinngåinga. Fleire av innspela fylkeskommunen/ane kjem med elles i dette skrivet kan vere aktuelt å innarbeide i avtala på eit seinare tidspunkt.

I avtala er det opna for å kunne ta inn særlege føresegner i den enkelte avtalen. Nye Vestland fylkeskommune vil samla sett verte den av fylkeskommunane med størst tal hamner i si portefølje, og behovet for å ta inn særlege føresegner i avtala er noko vi vil utgreie nøye og kome attende til.

Kystverket viser i brevet av 28.8.2018 til det som er sagt i oppstartsmøtet om at kommunane har «plikt til å vedlikeholde mange av kaiene i fiskerihavnene som staten har bygd». Avtalen nemner ikkje denne ansvarsfordelinga mellom kommune og fylkeskommune. Avtalen bør presisere nærare kva type vedlikehald av og tilsyn med hamnene som er fylkeskommunane sitt ansvar. Den eksisterande ansvarsfordelinga mellom Kystverket og dei lokale kommunane bør gjerast nærare greie for og eventuelt formaliserast før fylkeskommunane inngår avtalen om eigarskapsoverføring.

I avtala bør Kystverket presisere kva dei legg i å «bidra med kompetanseoverføring frem mot overtakelsestidspunktet».

Dersom staten ønskjer å inngå avtala før dei eksisterande fylka er samanslegne og samstundes ta atterhald om at avtala kan falle bort, treng fylkeskommunen/ane ei avklaring på kven som skal bere risikoen for dei økonomiske skadefølgjene eit bortfall kan få for fylkeskommunen/ane.

Avtalen forhold seg ikkje til kva ressursar som skal følgje med oppgåveoverføringa. Dette medfører stor usikkerheit for fylkeskommunen/ane i denne prosessen alt etter kva tidspunktet for avtaleinngåinga vert. Vi merkar oss at det i den nylege avtala om oppgåver til dei nye regionane mellom regjeringspartia og KrF ligg ein føresetnad om at oppgåver vert overførte med ressursar. Fylkeskommunen/ane meiner at ein slik føresetnad også bør synleggjerast i avtaleutkastet vi no har til vurdering.

Kystverket ber også fylkeskommunane om andre innspel eller attendemeldingar.

Fylkeskommunen/ane er kritiske til at det ikkje vert overført ressursar i form av personell i samband med overføring av forvaltingsansvaret for fiskerihamner frå Kystverket til fylkeskommunane. Tilgang til kompetent personell vil vere viktig for å gjere overgangen så enkel som mogleg og sikre kontinuitet i prosjektplanlegginga. Fylkeskommunen kan ikkje, med si noverande bemanning, dekke spesialkompetanse innan desse fagområda.

Det er utfordrande at det ikkje er føreseielege og langsiktige statlege økonomiske og personellmessige rammer til å utføre oppdraget og forvalte eigarskapet til hamnene. Det er naudsynt for fylkeskommunane å snarast mogleg avklare dei korte- og langsiktige økonomiske føresetnadene for oppgåveoverføringa. Overføringa skal skje etter «nærare avtale» med den enkelte fylkeskommune, og rammeføresetnadene er dermed ikkje gitt.

Vi er uroa for at dei økonomiske ressursane som vert stilt til rådvelde ikkje vil dekke vedlikehaldsetterslepet på fysisk infrastruktur i fiskerihamnene. Oversikt over vedlikehaldsetterslep må ligge føre i god tid før signering av avtale om overtaking. Fylkeskommunen/ane legg til grunn at staten - ved overføringa av forvaltningsansvaret for fiskerihamnene - sikrar at dei nye fylka vert gitt administrative og økonomiske ressursar som sikrar kompetanse og kontinuitet i arbeidet.

I Kystverket sitt handlingsprogram 2018-2029 er det lagt opp til ei opptrapping av dei økonomiske rammene i heile planperioden. Fylkeskommunen/ane er uroa for konsekvensen av å legge budsjett for 2020 til grunn når gjeld moglegheita til å følgje opp tiltak i Nasjonal transportplan 2018-2029, og særleg i siste 6- års

periode (2024-2029). Vi legg til grunn at staten ved overføringa sikrar at dei nye fylka vert gitt administrative og økonomiske ressursar som sikrar at tiltaka i Nasjonal transportplan 2018-2029 kan følgast opp.

Med helsing

Ingrid Kristine Holm Svendsen
konst. fylkesrådmann
Hordaland fylkeskommune

Rune Haugsdal
prosjektleiar
Nye Vestland fylkeskommune

Tore Eriksen
fylkesrådmann
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.